

Sykkylven
Kommune



2025-2037

KLIMA- OG ENERGIPLAN

Høringsutkast 10.07.2025

Innhald

Innleiing	2
Om klima- og energiplanen	3
Visjon og mål	4
Klimagassutslepp	5
Utslepp frå Sykkylven kommune drift	6
Framskriving av klimagassutslepp	7
Satsingsområde	9
Energi	10
Mobilitet og transport.....	11
Arealbruk, tettstadutvikling og bygg.....	12
Forbruk og avfall.....	14
Næringsliv	16
Landbruk.....	17
Oppfølging av planen	19



Innleiing

Klimaendringane er blant dei største utfordringane i vår tid, og vil påverke både samfunnet og korleis vi lever i tida framover. Klimagassutsleppa våre varmar opp havet og lufta, øydelegg økosystem og bidrar til at artar vert utrydda. Dette gjer oss meir sårbare for naturkatastrofar, truar levebrødet vårt og kan skape konflikhtar i kampen om naturressursar.

Alle klimagassutslepp skjer lokalt, men påverkar globalt. Konsekvensane merkar vi både gjennom ekstremver her heime og globale endringar som havnivåstiging og tap av naturmangfald. Lokale tiltak er avgjerande for å få til globale løysingar.

I Sykkylven kommune skal vi både tilpasse oss komande klimaendringar, og gjere det vi kan for at Norge skal overhalde internasjonale klimaforpliktingar. Alle avgjerder vi tar i tida framover må vere eit steg i retning mot det samfunnet vi vil ha i 2050. Det betyr at vi må tenke annleis om korleis vi brukar ressursane våre enn vi gjer i dag. Kommunen skal vere klimabevisst og vise klimaansvar både som samfunnsutviklar, myndigheitsforvaltar, tenesteprodusent og som eigar og driftar av eigne bygg og anlegg.

Klima- og energiplanen skal vere det styrande dokumentet for Sykkylven kommune sitt klimaarbeid. Planen skal synleggjere ein heilskapleg innsats og definere moglegheitsrom, ambisjonsnivå og strategiske val for ei berekraftig framtid.

Sykkylven kommune skal vere framtidsretta og klimafokusert. Eit «grønare» Sykkylven skal gi framtidstru og berekraftig utvikling.

Om klima- og energiplanen

Klima- og energiplanen er ei oppfølging av kommunale, regionale og nasjonale målsettingar for ei berekraftig framtid. Planen legg ambisiøse målsettingar for klimaarbeidet i Sykkylven kommune. For at planen skal vere robust over tid, inneheld den ikkje ei liste over tiltak som skal gjennomførast.

Klimabudsjett

Tiltak vil bli presenterte i årlege klimabudsjett, som er handlingsprogrammet for klima- og energiplanen. Klimabudsjett vert innlemma i økonomiplan og årsbudsjett. Dermed blir klima- og miljøstyring godt integrert i kommunen sitt heilskaplege styringssystem.

Klimabudsjettet gir oversikt over tiltak, kostnad, tidsfristar og ansvarsfordeling, og kva verknad tiltaket vil ha for klimagassutsleppa i kommunen. Til saman må tiltaka i klimabudsjetta dei neste 5 åra bidra til å oppfylle utsleppsmålet Sykkylven sett seg for 2030. Vidare må dei vere ambisiøse nok til at vi kan nå målet om lågutsleppssamfunn i 2050.

I tillegg til at dei årlege klimabudsjetta skal bygge på klima- og energiplanen, skal kunnskapsgrunnlaget og innspela vi har fått frå innbyggjarane brukast i utarbeiding av klimabudsjett.

Klimatilpassing

Klimaendringane er her no, og samtidig med at vi jobbar for å redusere klimagassutsleppa, må vi også tilpasse oss eit villare, varmare og våtare klima. Denne klima- og energiplanen vil ikkje ta for seg utfordringane knytt til klimatilpassing. Det vert i staden handtert i m.a. kommunen sin risiko- og sårbarheitsanalyse, arealplanar, byggesaker og gjennom drift av bygg og anlegg.

Kunnskapsgrunnlag

Sykkylven kommune har utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag for klima- og energiplanen. Kunnskapsgrunnlaget inneheld data og informasjon som ligg bak satsingsområda i planen. Innspel frå innbyggjarar og næringsliv er også ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget, og er lagt stor vekt på i utforming av planen.

Organisering av arbeidet

I perioden 2019-2022 bestod intern arbeidsgruppe av:

- Ordførar
- Kommunedirektør
- Rådgjevar landbruk og miljø
- Einingsleiar tekniske tenester
- Leiar bygg
- Økonomisjef
- Einar Haram/Sunnmøre Regionråd

I 2025 vart planarbeidet gjenopptatt, med følgende arbeidsgruppe:

- Kommunalsjef samfunn
- Jordbrukssjef
- Arealplanleggar
- Teknisk sjef
- Kvalitetsrådgivar

Det vart gjennomført ei innbyggjarundersøking i februar-mars 2025, for å kartlegge haldningar og endringsvilje blant sykkylvingane knytt til klima og miljø.

I tillegg til undersøkinga har innbyggjarane blitt invitert til å medverke til sjølve planen, både digitalt i april-mai, og gjennom opent folkemøte på biblioteket 14. mai 2025.

Visjon og mål

FNs berekraftsmål

Berekraftig utvikling handlar om å dekke behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge moglegheitene for framtidige generasjonar til å dekke sine behov.

FNs berekraftsmål vart vedtatt i 2015 og er eit felles rammeverk for å avskaffe fattigdom, redusere ulikskap og stanse klimaendringane.

Måla bygger på tre hovuddimensjonar: Økonomi, sosiale forhold og klima og miljø. Sykkylven kommune skal bruke FNs berekraftsmål som styringsverktøy.

Kommunen har ansvar og påverknadskraft som planmyndigheit, innkjøpar, utbyggjar, og som eigar og driftar av bygg, vegar og annan infrastruktur.



Som samfunnsutviklar og forbilde kan kommunen påverke lokalsamfunnet i ei meir berekraftig retning. Sykkylven kommune vil bidra til å skape gode lokalsamfunn for innbyggjarane, og til å nå FN sine berekraftsmål.

Nasjonale klimamål

- Minst 55 % redusert klimagassutslepp i 2030 samanlikna med 1990.
- Noreg skal vere eit lågutsleppsamfunn i 2050.
- Førebu samfunnet på klimaendringar og tilpasse det til klimaendringane

Regionale mål

Fylkesplan 2025-2030 for Møre og Romsdal har mål om at fylket skal vere pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane. Langsiktig fylkesplanmål nr 1 seier at Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa i tråd med det nasjonale målet om 55 prosent innan 2030.

Mål i Sykkylven sin samfunnsplan 2023-2027:

Sykkylven er ein berekraftig kommune i tråd med FNs berekraftsmål.

Sykkylven kommune vil:

- Arbeide målretta for å utnytte nye moglegheiter for utvikling, kunnskapsauke, tilskotsordningar og liknande som oppstår ved omstilling til eit berekraftig samfunn
- Arbeide for at Sykkylven kommune som organisasjon og som lokalsamfunn blir meir berekraftig
- Samarbeide om kunnskapsauke, felles retning og tiltak for berekraftig utvikling
 - med innbyggjarane, næringslivet og frivillig sektor om lokale berekraftige tiltak
 - på tvers i organisasjonen for berekraftig drift og tenesteproduksjon
 - med eksterne fagmiljø, nabokommunar og offentlege instansar om ei kunnskapsbasert og samordna utvikling
- Gjere berekraft til ein integrert del av dagleg drift i heile kommuneorganisasjonen
- Gjennom driftsplanar, budsjett og tiltak omsette berekraftsmåla til handlingar
- Ta i bruk klimabudsjett og klimarekneskap som viktige styringsverktøy
- Miljøsertifisere eigen organisasjon

Sykkylven kommune sine hovudmål for klima og energi:

- Innan 2030 skal klimagassutsleppa i Sykkylven vere redusert med minst 30 prosent samanlikna med 2015.
- Sykkylven skal medverke til at Møre og Romsdal oppnår netto null klimagassutslepp innan 2050 gjennom kraftig å redusere utsleppa og auke opptaka av CO₂.
- Sykkylven skal bidra til å oppnå det globale lågutsleppssamfunnet innan 2050.
- Innan 2050 skal all energibruk i Sykkylven vere fossilfri eller avfallsbasert.


Klimagassutslepp

Noregs totale klimagassutslepp er relativt lite i global samanheng, men når vi ser på utslepp per innbyggjar ligg vi heilt i toppen. Vi slepp ut meir per person enn det globale gjennomsnittet. Som eit rikt land har vi ressursar og eit ansvar for å vere rollemodell og bidra med gode løysingar.


Utslepp av klimagassar vert målt i tonn CO₂-ekvivalentar. Dei direkte utsleppa i Sykkylven er relativt låge samanlikna med nabokommunar. Dette gjeld både samla utslepp innanfor kommunegrensene, og utslepp målt per innbyggjar.

Hovudkjeldene for klimagassutslepp i Sykkylven er vegtrafikk, sjøfart og jordbruk. Samla utslepp har minka noko frå 2009 til 2023, men det har likevel vore ei svak auke i utslepp kvart år etter korona-året 2020.

Elektrifiseringa av ferjesambandet Sykkylven – Magerholm i 2020 står for ein betydeleg del av reduksjon i utslepp. Overgang til fleire elbilar er også eit viktig bidrag gjennom dei siste femten åra.



Figur 1 Samla klimagassutslepp frå Sykkylven kommune som geografisk område/ innanfor kommunegrensene 2009-2023. Kjelde: Miljødirektoratet




Dersom vi tek Sykkylven sine samla klimagassutslepp i 2023 og deler det på antal innbyggjarar, får vi eit klimagassutslepp på 2,5 tonn CO₂-ekvivalentar per person i Sykkylven. Det er lågare enn tilsvarande tal for nabokommunane og Møre og Romsdal fylke.

Figur 2 Direkte utslepp (tonn CO₂-ekvivalentar) per innbyggjar i 2023. Sykkylven samanlikna med nabokommunar og Møre og Romsdal. (Kjelde: Miljødirektoratet)

Utslepp frå Sykkylven kommune drift

Ved hjelp av verktøyet Klimakost har kommunen utarbeidd klimarekneskap for eiga verksemd for 2024 og 2023. Dette skal brukast i åra framover for å måle utviklinga i klimagassutslepp frå ulike sektorar. Det gir også grunnlaget for å rekne ut framskrivingar av klimagassutslepp, og estimere effektar av tiltak i klimabudsjettet. Klimarekneskapen inkluderer både direkte og

indirekte utslepp. Vi ser i figur 3 at bygg står for størstedelen av klimagassutsleppa i 2023, medan i 2024 er kjøp av tenester den største utsleppskjelda frå eigen drift, med bygg på andreplass. Årsaka til at dette har endra seg, er bygginga av Aure barneskule, som stod ferdig i 2023. I 2024 har det også vore fleire byggeprosjekt, men då med ombruk av eksisterande bygg.



Figur 3 Klimagassutslepp frå Sykkylven kommune drift, 2023 og 2024


Framskriving av klimagassutslepp

For å kunne planlegge klimakutt treng vi eit klimarekneskap som viser korleis ulike område bidrar med utslepp. Basert på dette kan vi lage eit overslag over korleis utsleppa kan utvikle seg framover utan nye tiltak. Dette hjelper oss å sjå kva område vi kan prioritere for å få størst effekt av tiltak.

Ein referansebane er ei slik framskriving. Den viser korleis utsleppa mest sannsynleg blir dersom vi ikkje set inn fleire tiltak. Ved å bruke

referansebanen som grunnlag for å sette klimamål, kan vi rekne ut kor store utsleppskutt som trengst, og planlegge tiltak deretter. Dei samla tiltaka vil då til saman utgjere ei tiltaksbane mot måla, slik det er illustrert i figur 4.

Det er viktig å påpeike at det er usikkerheit knytt til tala både i ei referansebane og ei tiltaksbane. Dei vil vere eit beste estimat men ikkje ein fasit, og bør reviderast årleg.



Figur 4 Illustrasjon av korleis ein kan estimere klimagassutslepp, med og utan tiltak


Framskriving for Sykkylven

Når vi ser på framskrivingar for Sykkylven, har vi tatt utgangspunkt i historiske utslepp publisert av Miljødirektoratet. Vi ser av figur 5 at dersom vi ikkje gjer tiltak, vil vi ikkje nå klimamåla.

Når vi i dag skriv 2025, er det berre 5 år til 2030. Dersom vi skal vere både ambisiøse og realistiske, bør vi sette eit mål for 2030 som gir store nok

utsleppskutt samtidig som det kan vere mogleg å nå målet. Vi har derfor landa på eit utsleppsmål på minst 30 % reduksjon i 2030 samanlikna med 2015.

Med målbanen på 30 % reduksjon i 2030, ser vi at det vil vere ei relativ rett linje vidare mot eit lågutsleppssamfunn i 2050.



Figur 5 Historiske utslepp, målbane og referansebane for Sykkylven

Sykkylven kommune sine hovudmål for klima og energi:

- Innan 2030 skal klimagassutsleppa i Sykkylven vere redusert med minst 30 prosent samanlikna med 2015.
- Sykkylven skal medverke til at Møre og Romsdal oppnår netto null klimagassutslepp innan 2050 gjennom kraftig å redusere utsleppa og auke opptaka av CO₂.
- Sykkylven skal bidra til å nå målet om lågutsleppssamfunnet i 2050.
- Innan 2050 skal all energibruk i Sykkylven vere fossilfri eller avfallsbasert.

Strategiar — slik skal vi nå måla

- Sykkylven kommune skal gå føre som eit godt eksempel og kutte egne utslepp.
- Sykkylven kommune skal gjennom innkjøp ta i bruk og bidra til utvikling av ny teknologi og klimavenlege løysingar.
- Klimaarbeidet i kommunen skal vere synleg. Prosjekt med gode klimaløysingar skal kommuniserast ut for å skape engasjement, kunnskapsdeling og felles innsats for eit lågutsleppssamfunn.
- Årlege klimabudsjett skal hjelpe oss med å styre mot måla om utsleppskutt og fossilfri energibruk.

Satsingsområde

Basert på kunnskapsgrunnlag om klimagassutslepp i Sykkylven og medverknadsprosessar, har kommunen prioritert seks satsingsområde:

- Energi
- Mobilitet og transport
- Arealbruk, tettstadutvikling og bygg
- Forbruk og avfall
- Næringsliv
- Landbruk

Satsingsområda oppsummerer kvar vi bør gjere ein innsats for å få ned klimagassutslepp og gjere Sykkylven robust i møte med klimaendringane.



Energi

Mål

- Innan 2050 skal all energibruk i Sykkylven kome frå fornybare kjelder.
- Produksjonen av fornybar energi skal aukast fram mot 2030 og vidare framover mot 2050.
- Sykkylven kommune har fokus på redusert energibruk i alle bygg, både kommunale og private.

Slik når vi måla for energi



Sykkylven kommune skal:

- Energieffektivisere og arbeide for utelukkande bruk av energi frå fornybare kjelder i kommunale bygg.
- Stimulere til energieffektiviseringstiltak og bruk av fornybare energikjelder for industri og private bustader, til dømes gjennom planar.
- Bidra til auka produksjon av fornybar energi ved å etterspør fornybar energi i anbuds- og innkjøpsprosessar
- Legge til rette og utgreie for bruk av solenergi til straumproduksjon og termisk lagring av energi i bakken ved kommunale bygg.
- Oppmode lokale nettleverandørar til å legge til rette for å ta imot energileveransar frå privatkundar.
- Foreslå tiltak og lage retningslinjer til bruk i plan og byggesaker for etablering av solceller og bruk av grønne tak ved nybygg og restaurering. Ved regulering av nye område skal det vektleggast at bygningar og tak blir utforma og plassert slik at solenergi kan utnyttast best mogleg.
- Redusere energibruken til gate- og veglys ved å vidareføre overgang til energieffektiv LED-teknologi.



Alle kan bidra ved å:

- Gjennomføre energitiltak i og i tilknytning til egne bustader
- Vere bevisste på val av energikjelder og eigen energibruk

Berekraft

Vasskraft er hovudkjelda til elektrisk kraftproduksjon i Sykkylven kommune. I 2023 var årsproduksjonen til Sykkylven Energi AS på 45,1 GWh, med ein ti års gjennomsnittsproduksjon på 51,2 GWh. I tillegg er det tre private småkraftverk i kommunen som til saman produserer om lag 15 GWh. Dette gir oss ein samla produksjon på om lag 60-65 GWh årleg. Samtidig var straumforbruket i Sykkylven på 129,2 GWh i 2023, noko som betyr at vi produserer om lag halvparten av den straumen vi forbruker.

Mobilitet og transport

Mål

- Innan 2050 skal all bruk av personbilar vere utsleppsfri, og alle større køyretøy, inklusive anleggsmaskinar, skal nytte fossilfritt drivstoff.
- Andelen som sykklar, går eller reiser kollektivt skal aukast vesentleg fram mot 2030.
- Sykkylven kommune skal arbeide for at kapasiteten på ladestasjonar og/eller forsyninga av fornybart drivstoff (biogass og hydrogen) til ei kvar tid er i samsvar med utviklinga i bilparken.

Slik når vi måla for mobilitet og transport



Sykkylven kommune skal:

- Gjere det enklare for innbyggjarar og næringsliv å velje miljøvennleg transport slik som å gå, sykle, reise kollektivt og køyre elektrisk.
- Gjere det meir attraktivt og trygt å ferdast til fots eller på sykkel til sentrumsområda.
- Legge til rette for infrastruktur for fossilfrie køyretøy, som til dømes ladepunkt og fyllestasjonar.
- Stille krav til utsleppsfri transport av varer og tenester som kommunen kjøper.
- Legge til rette for effektiv og fossilfri nærings- og varetransport.
- Gradvis skifte ut kommunen sine fossile køyretøy med fossilfrie.



Alle kan bidra ved å:

- Gå, sykle og reise kollektivt
- Redusere utslepp frå eigne reiser ved å velje tog og buss framfor å fly, eller delta digitalt på møter der det er aktuelt
- Fylle opp ein bil framfor å køyre fleire bilar på reiser
- Feriere i eige land eller eigen region

Berekraft

Kommuneplanen seier at arealplanlegginga skal ha fokus på å utvikle Sykkylven som ein miljøvennleg kommune med framtidsretta transport- og logistikkssystem. Omlegging frå fossilt til fornybart drivstoff gir ikkje berre reduserte klimagassutslepp, men også reinare luft, auka behov for fornybar energiproduksjon og kan skape nye arbeidsplassar.

Klimavennlege transportsystem er ein føresetnad for å bygge det berekraftige lågutsleppssamfunnet. Ved å legge til rette for gåande og syklande, og gjere kollektivtransporten attraktiv og enkelt tilgjengeleg, sikrar ein at fleire grupper i samfunnet kjem seg fram på ein god måte.

Klimagassutslepp

Omstillinga til lågutsleppssamfunnet krev globale utsleppsreduksjonar på om lag 80-90 %, og gir ikkje rom for utslepp frå transportsektoren.

Vegtrafikk stod for 31 % av utsleppa i Sykkylven i 2009. Frå 2009 til 2023 vart utsleppa frå vegtrafikken redusert med 19,7 %. Likevel stod vegtrafikk for 30 % av utsleppa i 2023, på grunn av utsleppsreduksjonar også i andre sektorar. Den mest klimavennlege reisa er den som ikkje blir gjennomført. Heimekontor og digitale møte kan redusere behovet for transport.

Kommunen har ei viktig rolle som vegeigar, og må legge til rette for miljøvennlege transportval. Dette inneber betre infrastruktur for syklande og gåande, lademoglegheiter for el-køyretøy og tilgang til fossilfrie drivstoff. Samtidig trengst det ei auka satsing på kollektivtransport.

Frå 01.01.2026 skal alle fylkeskommunale bussar vere elektriske. Ferjesambandet Sykkylven-Magerholm vart elektrifisert i 2020, Hundeidvik-Festøya er per 2025 framleis ikkje elektrifisert. Personbilar, varebilar og lastebilar vil framleis vere nødvendige i delar av transporten. For å kutte utslepp må desse raskt over på fornybare og berekraftige drivstoff.

Arealbruk, tettstadutvikling og bygg

Mål

- Innan 2030 skal omdisponering av karbonbindande areal som skog, myr og jordbruksmark til infrastruktur og bustadar vere kraftig redusert. Netto karbonbinding i jord og skog skal være auka samanlikna med 2015.
- Innan 2035 skal energi brukt i bygg- og anleggsprosessar i Sykkylven vere fossilfri.
- Energibruken i kommunale bygg i Sykkylven vere redusert med 50 % i 2030 i forhold til 2018.
- Livsløpstslepp frå byggemateriale skal vektleggast ved nybygg og restaurering

Slik når vi måla for arealbruk, tettstadutvikling og bygg



Sykkylven kommune skal:

- Bruke kommuneplanen som eit aktivt styringsverktøy for areal- og transportplanlegging. Nye byggeområde skal utviklast slik at dei ikkje fører til auka utslepp av klimagassar.
- Følgje prinsippet om arealnøytralitet i alle plansaker. Omsynet til jordvern skal innarbeidast i alle arealplanar, jf. kommunen sin jordvernstrategi.
- Legge til rette for bruk av massivtre og andre skogprodukt i konstruksjonar og stille krav til klima- og miljøvennlege bygningsmateriale i eigne prosjekt.
- Ta omsyn til klima i heile verdikjeda og gjennom heile livstida til bygga.
- Ha fokus på energieffektivisering i kommunale bygg. Styrka fokus på vedlikehald og oppgradering av kommunen sine eigne bygningar
- Optimalisere bruk og utnytte kapasiteten i eksisterande og ny bygningsmasse.
- Legge til rette for lokal energiproduksjon og oppfordre til bygging av passiv- eller plusshus.
- Stimulere til klimavennlege tiltak i private planforslag.
- Bruke klimarekneskap som verktøy til å vurdere om bygg skal bevarast, rivast eller byggast nytt.



Alle kan bidra ved å:

- Ta vare på natur og grøne område
- Unngå torv og hageprodukt som øydelegg myr og karbonrike naturtypar
- Prioritere ombygging, rehabilitering og ombruk framfor å rive og bygge nytt
- Prioritere ombruk og materialgjenvinning av byggemateriale

Karbonbinding

Skog, myr og jordbruksareal i Sykkylven og i Møre og Romsdal tek opp store mengder karbon. I tilfelle der arealendringar er nødvendige på dyrka/dyrkbar mark bør matjorda nyttast andre stader. Myrane tek fleire tusen år å bygge opp, og skal bevarast. Nasjonalt regelverk for bruk av myr er i 2025 under revisjon.

Berekraft

Korleis vi bygg og bur er avgjerande for store delar av klimagassutsleppa i eit samfunn.

Sykkylven kommune skal ha ein berekraftig arealplanlegging som legg grunnlaget for utvikling av ein miljøvenleg kommune.

Gjennom arealplanlegging og utforming av bustadområde blir det skapt auka trivsel, meir fysisk aktivitet og større trygghet. Lokalisering av bustadar og verksemdar på rett stad reduserer transportbehovet, og gjer det meir attraktivt å gå, sykle eller bruke kollektivtransport.

Produksjon av bygningsmateriale til byggeprosjekt i Sykkylven gir ikkje direkte utslepp i vår kommune, men gir betydelege utslepp der dei blir produsert. Det blir utvikla stadig betre og meir klimavennlege materiale og anleggsmaskiner. Skil desse bli konkurransedyktige, må både offentlege og private aktørar stille krav til fossilfrie byggeplassar, og klima- og miljøvennlege byggemateriale samt dokumentasjon (EPD).

Energi

Energibruk i kommunal drift går til oppvarming, maskiner og utstyr. Utsleppa knytt til oppvarming av bygg vil truleg gå betydeleg ned fram mot 2030 i takt med utfasing av fossile energikjelder.

Elektrisitet gir ikkje lokale utslepp. Energieffektive bygg frigjer fornybar kraft til andre formål, som utsleppsfri transport. Energistyringssystem kan redusere energibruk i både nye og gamle bygg. Kommunen bør også utnytte lokale energikjelder gjennom plussbus, solenergi eller omgivningsvarme. Der det er tilgang på fjernvarme, bør denne prioriterast. Kommunale bygg har stort potensial for både energieffektivisering og eigen energiproduksjon.



Forbruk og avfall

Mål

- Innan 2030 skal gjenvinningsgraden i Sykkylven vere på minimum 60 %.
- Forbruk i kommunen skal reduserast slik at den totale mengda av avfall blir redusert.
- Innan 2030 skal Sykkylven kommune redusere klimafotavtrykket frå innkjøp av varer og tenester med 30 % i forhold til 2023.
- Sykkylven kommune skal legge vekt på klima og berekraft i alle innkjøp.

Slik når vi måla for forbruk og avfall



Sykkylven kommune skal:

- Legge til rette for gjenbruk, delingsøkonomi og sirkulært forbruk gjennom å støtte opp under berekraftige initiativ
- Auke fokus på matsvinn i kommunen si eiga verksemd. Samarbeide med næringsliv og innbyggjarar for å redusere matsvinn.
- Sette tydelege klima- og miljøkrav i sine innkjøp.
- Jobbe for å få oversikt over klimafotavtrykket til alle kommunale prosjekt.
- Bidra til auka gjenvinning gjennom gode løysingar for kjeldesortering, og gi god informasjon om rett sortering.



Alle kan bidra ved å:

- Redusere forbruk, kjøpe brukt, låne eller nytte seg av deleløyisingar
- Reparere klede og ting framfor å kjøpe nytt
- Gi opplevingar i staden for ting i gåve
- Etterspør klimavenlege, haldbare og reparerbare produkt
- Kjøpe kortreiste produkt som er produsert på ein klima- og miljøvenleg måte
- Kjeldesortere avfall
- Planlegge innkjøp og forbruk for å redusere matsvinn


Berekraft

Forbruket vårt av varer og tenester bidreg til miljø- og klimautfordringar i verda. Dagens forbrukarsamfunn er ikkje berekraftig. Vi bruker meir råvarer enn det jorda klarer å produsere.

Forbruket i hushaldningane utgjer ca. 60 % av dei globale klimagassutsleppa (*Framtiden i våre hender, 2025*), og rike land har vesentleg høgare utslepp enn fattige land. Ved å fokusere på rettferdig handel og å redusere forbruket, kan næringslivet, det offentlege og innbyggjarane i Sykkylven bidra til ein meir berekraftig klode med mindre fattigdom og ulikskap.

Mykje av forbruket blir i dag til avfall. I dette avfallet er det materiale og ressursar som kunne vore brukt på nytt, reparert eller på andre måtar blitt ført tilbake i kretsløpet. For å minske avfallsmengda og redusere forbruket bør ein gå over til tanken om eit sirkulært forbruk og sirkulær økonomi.

I 2023 vart det kasta ca. 360 kg hushaldningsavfall per innbyggjar i Sykkylven. I heimane i Sykkylven blir det sortert glas og metall, plast, papir og matavfall.



Figur 6 Avfallspyramiden. Vi bør halde oss så nærme toppen som mogleg

Klimagassutslepp

Varene og tenestene som blir brukt i Norge gir store klimagassutslepp over heile verda, både frå produksjon og transport. Mindre forbruk er den beste måten å redusere desse utsleppa, til dømes gjennom å kjøpe færre ting, fokusere på kvalitet, reparere det ein allereie har, eller kjøpe brukt. Kommunen kan støtte opp under lokale initiativ som reparasjonsverkstader, bytedagar, nabolagsdyrking, kunnskapsbygging knytt til berekraftig forbruk og liknande. Tilrettelegging for gjenbruk kan skje ved eksisterande avfallsmottak, i tillegg til desentraliserte løysningar.

Offentlege aktørar i Norge handlar varer og tenester for omtrent 740 milliardar kroner årleg (DFØ, 2025). Ved å sette eit større fokus på gjenbruk, og sette gode klima- og miljøkrav i innkjøp, kan kommunen bidra til eit lågare forbruk, og at varer og tenester blir produsert med eit lågare klimafotavtrykk.

Energi

Etter at det blei forbode å deponere biologisk avfall i Noreg, har utsleppa frå søppelfyllingane gradvis gått nedover, men det siv framleis ut metan og andre klimagassar frå mange gamle deponi.

Avfall som ikkje kan brukast om att eller gjenvinnast, kan brukast til å produsere energi til industriprosessar eller fjernvarme. Etter kvart som avfallet vårt inneheld stadig mindre fossile råvarer, vil utsleppa frå avfallsforbrenning bli redusert. Den delen av hushaldningsavfallet som ikkje kan resirkulerast, blir forbrent og energiutnytta av Attvin.



Næringsliv

Mål

- Innan 2050 er all energibruk i næringslivet i Sykkylven fossilfri eller avfallsbasert.
- I 2030 skal klimagassutsleppa frå næringslivet vere redusert i forhold til 2025.

Slik når vi måla for næringsliv



Sykkylven kommune skal:

- Legge til rette for innovative løysingar og framtidsretta næringar som bygger opp under utviklinga mot eit berekraftig næringsliv.
- Delta i samarbeidsprosjekt med lokalt næringsliv og ta i bruk nye innovative løysingar. Berekraftige løysingar skal prioriterast ved å sette miljøkrav ved innkjøp.
- Tilby relevante møteplassar for å fremme lokalt samarbeid.
- Gjennom god areal- og samfunnsplanlegging legge tilhøva for næringslivet til rette for å oppnå energi- og utsleppsreduserande tiltak

Energi

Industrien i Sykkylven står for om lag 30 % av energiforbruket i kommunen. Mange industribedrifter i Sykkylven har gjennomført energieffektiviseringstiltak dei siste åra. Utfasing av fossil energi er eit område alle må å jobbe mot, og fleire bedrifter er allereie fossilfrie eller på god veg til å bli det.

Både på industriområde og næringsbygg er det gode moglegheiter for energiproduksjon både frå sol, vind og nærvarme, som i liten grad vil vere i konflikt med andre interesser. Samanlikna med andre fylke er biogassproduksjonen i Møre og Romsdal liten.

Berekraft

Næringslivet i Sykkylven har forutsetningar til å bidra til omstillinga til det berekraftige lågutsleppssamfunnet. Fleire av bedriftene produserer allereie produkt vi vil trenge, som til dømes møblar både til institusjonar og til den private marknaden. Potensialet for nye klimavennlege jobbar i Møre og Romsdal er stort. Det offentlege kan legge til rette for utviklinga ved å tilby relevante møteplassar og fremme samarbeid lokalt og regionalt gjennom målretta krav og verkemiddel.

Klimagassutslepp

For handel og andre tenestenæringar er dei største utsleppa knytt til transport av varer. Sentrale varedistribusjonar med fossilfri transport kan både bidra til å redusere transportmengda og gi reduksjon i klimagassutslepp. Lokal sentrumshandel og kulturtilbod bidreg til attraktive lokalsamfunn som reduserer behovet for biltransport.

Totalt sett er dei største utsleppa frå handelsnæringa knytt til produksjonen av varene. Nye, berekraftige forretningsmodellar basert på sirkulærøkonomi er under utvikling. Her blir forbruket redusert gjennom gode delesystem og gjenbruk, og aukar etterspørselen etter kvalitetsprodukt som kan reparerast. Utleige av klede og utstyr, gratis eller billeg reparasjon og produkt med lange garantiar, er tiltak som handelsnæringa kan bruke for å bidra til reduserte utslepp.

Landbruk

Mål

- Sjølvforsyningsgraden i kommunen skal aukast. Produksjonen skal vere tilpassa kommunen sine naturlege føresetnader og økologiske bereevne. Klimaarbeidet skal balanserast med behovet for å produsere mat.
- Energibruken i landbruket skal over tid gjerast mest mogleg fossilfri.
- Landbruket skal aktivt bruke Landbruket sin klimaplan for å nå måla om å kutte klimagassutslepp.
- Netto karbonbinding i jord og skog skal aukast. Areal som er viktige for karbonlagring, klimatilpassing og matsikkerheit skal vernast mot nedbygging.

Slik når vi måla for landbruk



Sykkylven kommune skal:

- Rettleie og stimulere landbruksnæringa til å redusere klimagassutslepp, auke karbonlagring og drive med berekraftig verdiskaping.
- Rettleie og gjennomføre foryngingskontrollar av skog, for å sikre ny tilvekst og auke karbonopptak.
- Styrke klimarådgjeving til landbruket. Målretta bruk av tilskotsmidlar for å auke oppslutning om tiltak og teknologi som kan redusere klimagassutslepp.
- Stimulere til aktiv bruk av landbruket sin klimakalkulator (klimasmart landbruk).
- Stimulere til auka bruk av biogass, fornybar energi og sirkulær økonomi.
- Stimulere til auka beitebruk, lokal matproduksjon og bruk av lokale matvarer.
- Jobbe for å setje landbruksnæringa i stand til å drive matproduksjon også når klimaet blir meir ekstremt (klimatilpassing). God drenering og flaumsikring er ein viktig føresetnad for å sikre produksjonsgrunnlaget. Dreneringssystema må vere oppgradert og dimensjonert for å tole framtidige klimaforhold.



Alle kan bidra ved å:

- Handle mest mogleg lokalprodusert og norske råvarer
- Dyrke litt sjølv
- Vise omsyn når du ferdast i beiteområde

Matsikkerheit

Vi er ein del av ein internasjonal marknad. Dersom produksjonen av mjølk og kjøt blir redusert i Norge utan at forbruket blir redusert tilsvarande, vil det isolert sett føre til at utsleppa i Norge går ned, men det blir erstatta av auka utslepp i andre land på grunn av import.

Husdyrproduksjon er sjølvve berebjelken til landbruket i Sykkylven og utgjer størstedelen av verdiskapinga, med produksjon av mjølk, storfe- og sauekjøt. Matproduksjon er ein viktig del av beredskapen, og det er derfor viktig at vi i Norge produserer den maten vi kan. Samtidig må jordbruket bidra for å redusere utslepp av klimagassar. Globalt sett er det positivt at Norge, og Sykkylven, bidrar til å produsere mat slik at heile verda si befolkning kan mettast.

Berekraft

Landbruket står sentralt i berekraftmåla til FN, der det mellom anna er fokusert på at det må produserast meir mat samstundes som ein tek vare på klimaet og det biologiske mangfaldet.

Landbruket er ein del av løysinga på fleire område, og kan til dømes bidra til reinare vatn og jord, auka fornybar energiproduksjon, og gode lokale arbeidsplassar.

Klimagassutslepp

Klimagassutslepp knytt til landbruket kjem frå to typar kjelder: (1) bruk av fossil energi og (2) biologiske prosessar.

Den fossile energibruken i landbruket er hovudsakleg knytt til landbruksmaskinar og transport. I 2019 signerte Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og regjeringa ein intensjonsavtale om reduksjon av klimagassar og auka opptak av karbon i jordbruket. Partane har forplikta seg til å redusere jordbruket sitt samla klimagassutslepp med 5 millionar tonn CO₂-ekvivalentar frå 2021 til 2030.

Som ei oppfølging av intensjonsavtalen gjorde Norges Bondelag i 2020 vedtak om å gjennomføre Landbruket sin klimaplan, som syner korleis eit samla jordbruk gjennom åtte satsingsområde skal nå måla i intensjonsavtalen. Landbruket sin klimaplan viser at det er mogleg å oppnå jordbruket sine klimaforpliktingar utan å redusere bruken av norsk matjord eller å redusere tal husdyr på norske beiter.

Sentrale element i Landbrukets klimaplan handlar om:

- satsing på klimakalkulator og klimarådgjeving
- meir klimavennleg og berekraftig føring, avl og friskare husdyr
- at maskinparken skal bli fossilfri
- overgang til fossilfri oppvarming
- betre bruk av gjødsel og god agronomi
- bruk av husdyrgjødsel til biogassproduksjon
- agronomi som fører til auka lagring og uttak av karbon
- ny klimateknologi som reduserer klimagassutslepp og aukar karbonlagring



Karbonlagring

Landbruket i Sykkylven bidreg alt til å binde store mengder karbon gjennom blant anna beiting og tilvekst i skogen. Utrekningar frå Miljødirektoratet viser at skogane i Sykkylven hadde eit opptak på 28348 tonn CO₂-ekvivalenter per år i 2016-2020. Det er tatt ut ein god del tømmer frå skogane i Sykkylven dei siste åra, felta blir planta ut på nytt, og nye tre vil binde karbon.

Energi

Landbruket i Sykkylven produserer lite energi, energien som blir produsert er først og fremst knytt til bioenergi som vedproduksjon. Tre gardskraftverk er bygd ut i kommunen; Hatlemark, Drivdalen og Brunstad. Samla produksjon frå desse anlegga var 15 GWh i 2024.

Oppfølging av planen

Ved å sette mål og gjennomføre tiltak, kan Sykkylven oppskalere innsatsen sin i den globale dugnaden. Men ein plan er lite verdt dersom den berre blir liggande i ein skuff. Vi har derfor til slutt nokre punkt som skal hjelpe oss å gjennomføre måla vi har satt oss:

Oppfølgingsplan

- Informasjon og inkludering av innbyggjarane for å få til livsstils- og forbruksendringar
- Styrke administrativ kapasitet for å betre evna til å ta på oss nye oppgåver og bidra til omstilling. Dette krev menneskelige ressursar og auka kunnskap.
- Jamleg statussjekk av planen i administrasjonen, kommunestyret og politiske råd og utval.
- Samarbeide meir med næringsliv
- Ta høgde for at fossilfrie løysingar ofte kostar meir
- Klimabudsjett integrert i budsjett og økonomiplan skal sikre politisk forankring av tiltak.
- Klima- og energiplanen skal nyttast i anna planarbeid i kommunen.